



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Julie Marie Andersen, 5557 2355
Anniken Friis, 5557 2313

Vår dato
06.09.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/10447 561
Dykkar referanse

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fråsegn til bygging av Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune

Fylkesmannen rår frå utbygging av Isdøla Kraftverk av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald. Fylkesmannen meiner vidare at ein må ta omsyn til den samla belastninga i regionen, jf. naturmangfaldlova § 10.

Vi viser til brev frå NVE 20. mai 2016 om søknad frå Isdøla Kraft AS om løyve til å bygge Isdøla kraftverk i Eidfjord kommune. Fylkesmannen skal vurdere om tiltaket vil medføre skade eller nemneverdige ulemper for allmenne interesser i vassdraget. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagt til grunn. Berre eventuelle konfliktområda er omtala.

Tabell 1. Prosjektdata for Isdøla kraftverk:

Prosjektdata	
Inntak kote (moh)	815
Kraftstasjon (moh)	720
Fallhøgde (m)	95
Råka elvestrekning (m)	1100
Nedbørsfelt (km ²)	23,1
Minstevassføring, sommar (l/s)	50
Minstevassføring, vinter (l/s)	30
Årleg produksjon (GWh)	6
Utbyggingskostnad (mill. kr)	22,5
Utbyggingspris (kr/kWh)	3,75

Vasstrengen og biologisk mangfald

Den foreslåtte minstevassføringa i elva er etter vår vurdering for liten. For låg minstevassføring vil føre til at økosystemet langs, og i elva vil endre seg.

Isdalsvatnet i Sysendalen har stor verdi som yngleområde for fleire fugleartar, og i samband med næringsøk. Fleire av artane observert her er av særleg stor forvaltningsinteresse. I elva Isdøla hekkar det tre par med fossefall. Dette er ikkje ein uvanleg art i norske vassdrag, men vi har likevel eit særskilt forvaltningsansvar for arten gjennom Bernkonvensjonen. Ei av dei største truslane mot overlevinga til fossefallet er vasskraftutbygging. Det er difor viktig at det blir gjort tiltak som tar hand om desse. Ynglekasser kan vere eit avbøtande tiltak, men vi er bekymra for næringsstilgang når vassføringa blir så liten som foreslått i denne søknaden.

Den økologiske tilstanden i alle vassførekomstar i Norge skal være god etter krava i vassforskrifta. Isdøla står som eiga vassførekomst i Vann-Nett (050-11-R). Den står allereie som ei sterkt modifisert vassførekomst (SMVF), med dårlig miljøtilstand med bakgrunn i ein antatt dårleg observert tilstand på fisk. Miljømålet i 2027 er her *godt økologisk potensial*. Det er viktig at det ved ein eventuell vidare utbygging vil bli slept nok vann, og at avbøtande tiltak blir satt i verk, for at miljømålet vert nådd. Miljømålet per i dag er å sikre tilstrekkeleg vandringsforhold for fisk, samt sikre drikkevasskvalitet. Det er viktig at fisk kan bevege seg nedover elva frå vatnet ved ei utbygging. Vassuttak til drikkevassforsyning er ikkje aktuelt i dag, men det blir heldt i reserve.

Friluftsliv og allmenne interesser

Ifølge *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* er Sysendalen med Maurset og Kjeåsen utfartsområde *svært viktig* for friluftsliv (verdi A). Isdøla har også *særlig verdi* for reiseliv i området (verdi A). Samstundes er området prega av omfattande inngrep knytt til kraftutbygging. Det er difor viktig å vektleggje omsyn til friluftsliv og opplevingsverdi i vidare plan for utbygging.

Kommunen legg til rette for omfattande utbygging av fritidsbustader i Sysendalen. Ei av grunnane til at folk ønskjer hytte i området er naturverdiane, både i Isdalen og fjella rundt. Store samanhengande naturområde ligg nær til hytteområda. Sjølve Isdøla er ei sentral elv og bidrar til ei positiv naturoppleving. Fylkesmannen meiner at søker undervurderer den verdien elva har for rekreasjon og naturoppleving i samband med friluftsliv, for både lokale og tilreisande.

Nokre kommentarar til røyrgate og inntaksdam:

- DNT har tursti langs/på den søkte røyrgatetraseen. Søker planlegger ein permanent 2 meter brei traktorveg på øvste del av den nedgrave røyrtraseen slik at det blir mogleg å køyre fram til inntaksdammen med traktor og ATV. Denne vegen vil erstatte dagens tursti frå Liseth pensjonat opp til og forbi inntaksdammen. I tillegg til låg vassføring, vil dette redusere naturopplevinga langs elva og kunne vere i konflikt med friluftslivet.
- Røyrgata vil legge band på store områder under utbygginga (13,25 dekar), med varig arealbeslag på 4 dekar. Røyrgata vil vere synleg i lang tid, og framstå som eit sår i landskapet.
- Nedste 250 m av røyrgata kan ikkje gravast ned grunna hard berggrunn, og søkar føreslår tildekking på anna måte. Fylkesmannen meiner at søknaden ikkje gjer godt nok greie for aktuelle landskapsinngrep og dei endringar i naturmangfaldet som vil bli ein følge av tiltaket.
- Inntaksmagasinet vil bli ca. 17 m breidt og 70-90 m langt. Dette er opptil ca. 1530 m², Av dette vil om lag 600 m² vere neddemt areal som ligg utanfor det naturlege elveleiet. Dette inngrepet burde vore illustrert i søknaden. Fylkesmannen meiner at dette er eit negativt langskapsinngrep i eit relativt ope fjellterreng.

Samla belastning

Vassdragsnaturen i regionen er i stor grad regulert, og ifølge *Fylkesdelplanen for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021* er det viktig å ta dette med i vurderinga av samla belastning ved nye prosjekter. Område er under stort press for mange type utbyggingar. Kommunen skal sikre kvalitetar knytt til naturmangfald, landskap, friluftsliv og naturoppleving. Konflikten med desse interessene blir etter vår vurdering undervurdert i

søknaden. Det er viktig å gjere ei grundig vurdering av samla belastning i Sysendalen, jf. naturmangfaldlova § 10.

Konklusjon

Røyrkata vil skape eit langvarig sår i landskapet som også vil øydelegge mykje brukte turstiar langs elva. Fylkesmannen reagerer på størrelsen på inntaksdammen, som vi meiner blir eit dominerande inngrep.

Fylkesmannen meiner at den planlagde minstevassføringa er for liten. Ei så kraftig reduksjon i vassføringa vil forverre ein allereie dårleg økologisk tilstand i elva, jf. vassforskrifta. Liten minstevassføring vil også vere negativt for naturopplevinga knytt til vassdragsnaturen.

Fylkesmannen rår frå utbygging av Isdøla kraftverk av omsyn til friluftsliv, landskap og naturmangfald, og den samla belastninga i regionen, jf. naturmangfaldslova § 10.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljøvernsjef

Julie Marie Andersen
overingeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	Eidfjord
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDH EIM